

Årsmøte i Bergen ungdomslag Ervingen

Onsdag 25. februar 2009, kl. 18.00

Det møtte 39 delegatar med røysterett og 3 utan røysterett.

Sak 1 Velkomen / opning

Endre Kleiveland ynskte velkomen frå styret. Bergen ul Ervingen er eit lag med stor aktivitet og stor vekst. Eitt minutt stilla for dei som har gått bort i 2008.

Sak 2 Konstituering

2.1 godkjenning av innkalling

Endre gjekk gjennom innkallinga, som vart send ut til alle medleamar den 23. januar.

Vedtak: Innkallinga vart samrøystes godkjend.

2.2 godkjenning av saklista

Endre gjekk gjennom saklista, som vart send ut til alle medleamar den 23. januar.

Vedtak: Saklista vart samrøystes godkjend.

2.3 val av ordstyrarar:

Vedtak: Siv H. Erstad og Ragnhild Solvi Berg

2.4 val av skrivarar:

Vedtak: Gro Vetås, Kristine S. Knutsen og Terje Furenes

2.5 val av protokollunderskrivarar

Vedtak: Arnvid Underlid og Ingunn Røstbø

2.6 val av teljekorps

Vedtak: Sigrid Ølmheim og Kirsten Brekke

Sak 3 Årsmelding med arbeidsprogram 2007 - 2008 for Bergen ungdomslag Ervingen

Håvard Ims la fram saka frå styret.

Håvard peika på at Bergen ul Ervingen har hatt eit aktivt år. Mellom anna snakka han om medlemsauke – 21 nye medleamar, mykje dugnad i laget i 2008; Barnestemna, fagseminar, Norge Rundt, jubileumskonserterarbeidet. Styret hadde også lagt fram ei oppsummering av arbeidsåret 2008 som eige vedlegg til årsmøtet.

Årsmelding for Bergen ungdomslag Ervingen, melding frå Selsvikfondet og melding frå Eigedomsfondet låg ved årsmøtepapira som eige vedlegg. I tillegg låg det ved ei oppsummering av arbeidsprogrammet for 2007-2008. Årsmøtet fekk ei munnleg melding frå Ervingen AS og Lagsbruki til Bul i Bergen LL. Orientering frå lagsstyret om arbeidet med arbeidsprogrammet låg ved årsmøtepapira som eige vedlegg.

Tilråding frå rådet 12. februar:

Rådet tilrår årsmeldinga for laget med dei endringane og tilføyningane som er gjort på møtet. Styret får fullmakt til å gjera årsmeldinga ferdig basert på diskusjonen. Rådet godkjenner årsmeldinga for Selsvikfondet og rår til at årsmøtet godkjenner denne. Rådet godkjenner årsmeldinga for Eigedomsfondet.

Desse hadde ordet i saka: Oddrun Samdal.

Øystein Erstad la fram melding frå Ervingen AS

Ervingen AS hadde årsmøte, 18 februar på Hordaheimen.

Årsresultat for selskapet, minus kr. 678.610,- vert dekkja av eigenkapitalen.

Aksjeutbytte; 6% av pålydande av aksjane.

Årsmøtet vedtok også å gje gåve til Bul Ervingen på kr. 10.000,-

Drifta av Gimle ca minus 350.000,- grunna store reoperasjons- og vedlikehaldskostnader.

Renteinntekter 1,1 mill. Likviditeten forbetra med ca 800.000,-

Fond – redusert verdi av fonda.

Verdiendingane / marknadsbasserte verdiendingar må førast som kostnad i rekneskapen. Dermed negativt resultat.

Styret for Ervingen AS 2008 har vore:

Øystein Erstad - leiar

Styremedlem: Åslaug Trageton – nestleiar

Halvor Røyset - medlem

Øystein Erstad la fram melding frå Lagsbruki til BUL i Bergen.

Lagsbruki skal ha årsmøte i april.

Selskapet hadde ei driftsinntekt 29,6 mill i driftsinntekter. Ombygginga av hotellet var ferdig ved årsstart. Dette året gav betre driftsresultat enn nokon sinne tidlegare.

Hordaheimen var nr. 2 på belegg statistikken i Bergen. Drifta av hotellet går godt. Høg gjeld / finanskostnader (minus 1,6 mill) Det er gjort reparasjon av tak til om lag kr. 1,7 mill på hotellet. Drifta verkar solid, og ein har god tru på at ein framover vil kunne driva hotellet med fornuftig avkasting framover. Mål: avkasting på 1 mill.

Styret for Lagsbruki til BUL i Bergen LL 2080 har vore:

Øystein Erstad, leiar

Evy Østensen, medl

Kjetil Ragnestveit, nestleiar

Torgrim Ljones – 1. vara

Laget eig mesteparten av aksjane i dei to selskapa.

Fonds- og egedomsstyret har jobba med tankar om omstrukturering av selskapa for å ha ei sikrere forvaltning av verdiane i selskapa.

Anslått verdi:

Ervingen AS: 22-23 mill + Gimle.

Lagsbruki: 120 mill – gjeld på ca 50 mill

Vedtak:

- a. Årsmøtet godkjenner årsmelding for 2008 for laget med dei endringane som kom fram på møtet.(pkt 2, 16og 19)**
- b. Årsmøtet godkjenner årsmelding for 2008 frå Selsvikfondet**
- c. Årsmøtet tek årsmelding for 2008 frå Egedomsfondet til vitande.**
- d. Årsmøtet tek melding om arbeidet i Ervingen AS og Lagsbruki til Bul i Bergen LL til vitande.**
- e. Årsmøtet tek melding om arbeidet i Kyrkjenemndi til vitande.**

f. Årsmøtet tek melding om arbeidet med arbeidsprogrammet til vitande.

Sak 4 Rekneskap for 2008

Håvard Ims la fram saka frå styret.

Resultatrekneskap og balanse med notar for laget, Selsvikfondet og Egedomsfondet er lagt ved årsmøtepapira som eigne vedlegg.

Tilråding frå rådet 12. februar:

Rådet tilrår rekneskap 2008.

Rådet godkjenner rekneskapen for Selsvikfondet og rår til at årsmøtet godkjenner dette. Rådet godkjenner rekneskapen for Egedomsfondet.

Desse hadde ordet i saka: Eldbjørg Gunnarson, Torgrim Ljones, Sigrid Ølmheim, Oddrun Samdal og Knut Malkenes.

Ordstyrar las melding frå revisorane.

Vedtak:

- a. Årsmøtet tek meldinga frå revisorane til vitande og godkjenner rekneskapen for 2008, underskotet på kr 31.508 vert dekkja av eigenkapitalen til laget.**
- b. Årsmøtet godkjenner rekneskapen for 2008 for Selsvikfondet**
- c. Årsmøtet tek rekneskapen for 2008 for Egedomsfondet til vitande.**

Sak 5 Endring av føresegner for reservefondet

Ordstyrarane la fram saka.

Omframnt årsmøtet, 18. juni vedtok styringsføresegner for Reservefondet. Vedtektene til reservefondet trådte i kraft frå og med 01.01.09, slik at det følgjer rekneskapsåret. Omframnt årsmøte vedtok at Fonds- og egedomsstyret og lagstyret skulle ta ein gjennomgang av styringsføresegnene for Reservefondet. Evt framlegg til endringar i styringsføresegnene for Reservefondet, vedteke på omframnt årsmøtet 18. juni, skulle dette bli teke opp på årsmøtet i 2009.

Endringsframlegg til føresegner for reservefondet er lagt ved årsmøtepapira som eigne vedlegg. Dette er i stor grad berre ortografiske endringar. Endringsframlegget var send ut til medlemmane ein månad før årsmøtet, slik lova krev, sama med innkalling og sakliste.

Tilråding frå rådet 12. februar:

Rådet tilrår endring av føresegner for reservefondet slik styret har foreslått, og med dei merknaden som har kome til møtet.

Vedtak:

Årsmøtet vedtek føresegner for reservefondet, med dei endringane som kom fram på møtet.

Sak 6 Arbeidsprogram 2009-2010

Endre Kleiveland la fram saka frå styret.

Tilråding frå rådet 12. februar:

Rådet tilrår framlagt arbeidsprogram for 2009-2010, med dei merknadene som kom på møtet.

Desse hadde ordet i saka: Øystein Erstad og Torgrim Ljones.

Vedtak:

Årsmøtet vedtek framlegget til arbeidsprogram for 2009-2010.

Årsmøtet song «Nordmannen».

Kaffiøkt

Ungdomsringen underheld med dans og lysbiletEFRAMSYNING.

Sak 7 Budsjett 2009

Endre Kleiveland la fram saka frå styret.

Tilråding frå rådet 12. februar:

Rådet tilrår styret sitt framlegg til budsjett 2009, med dei merknadene som kom fram på møtet.

Desse hadde ordet i saka: Stig Vaular, Torgrim Ljones, Frode Myhra, Øystein Erstad (kommentar om at stønad utgjer ein stor del av budsjettet), Ragnhild Berg og Siv H. Erstad.

Vedtak:

Årsmøtet vedtek framlegget til budsjett for 2009.

Sak 8 Medlemspengar 2010

Ordstyrarane la fram saka.

Tilråding frå rådet 12. februar:

Rådet tilrår styret sitt framlegg til medlemspengar 2010.

Desse hadde ordet i saka: Torgrim Ljones, Mari S. Lysne og Øystein Erstad.

Vedtak:

Medlemspengar 2010:

Vaksne	kr 700	(inga endring)
Ungdom t.o.m. 26 år	kr 500	(inga endring)
Barn t.o.m. 14 år	kr 450	(inga endring)

I tillegg kjem aktivitetsavgift for medlemar som deltek på ein eller fleire faste øvinga i laget; kr. 100,- pr. halvår.

Sak 9 Fråsegner

Ingen innkomne fråsegner.

Sak 10 Val

Siv H. Erstad frå valnemnda la fram saka.

Endre Brunstad, Sverre Sundvor, Kjell G. Søholt og Siv H. Erstad sat i valnemnda. Vanskeleg å få folk til å sitja i styret i laget.

Ynskjer innspel frå årsmøtet om personar til styret og dei nemndene som manglar folk.

Desse hadde ordet i saka: Torgrim Ljones, Hans Nyeggen, Endre Kleiveland, Frode Myhra, Ragnhild Berg, Håvard Ims, Charlotte R. Nordahl, Rigmor N. Vaular, Knut Malkenes, Siv H. Erstad, Eldbjørg Gunnarson og Stig Vaular.

- Framlegg frå Hans Nyeggen om å venta med heile valet til framhald av årsmøtet.
- Framlegg frå valnemnda om at årsmøtet vel dei nemndene som valnemnda har funne nok folk til. Dersom nokre av dei som vert valde i dag, takkar ja til andre verv før framhald av årsmøtet, er det ok med rokkingar. (utfyllingsval).

Årsmøtet røysta over framlegget frå valnemnda:

For: 34

Mot: 3

Framlegget frå Hans Nyeggen vart dermed ikkje teke opp til røysting.

Vedtak: Årsmøtet vel dei nemndene som valnemnda har funne nok folk til. Dersom nokre av dei som vert valde i dag, takkar ja til andre verv før framhald av årsmøtet, er det ok med rokkingar. (utfyllingsval)

Vedtak:

Rådet:

Leiar	Frode Myhra	attval 1 år
Medlem	Grete Oline Hole	ikkje på val, 1 år att
Medlem	Ole Ekornes	ikkje på val, 1 år att
Medlem	Stig Vaular	attval 2 år
Medlem	Astrid Sirnes	attval 2 år
Medlem	Stig Indrebø	attval 2 år

Medlem	Oddrun Samdal	ikkje på val, 1 år att
Varamedlem	Kårmund Myklebost	attval 1 år
Varamedlem	Eli Randmo	attval 1 år
Varamedlem	Hans Nyeggen	attval 1 år

Folkedanslaget:

Leiar	Håvard Ims	attval 1 år
Medlem	Mari Skjerdal Lysne	ny 2 år
Medlem	Gunn Inger Sture	ny 2 år
Medlem	Sverre M. Sundvor	ikkje på val, 1 år att
Medlem	Kristine S. Knutsen	ikkje på val, 1 år att

Ungdomsgruppa

Medlem	Silja Solvang	ny 1 år
Medlem	Johanna Mjeldheim	ikkje på val, 1 år att
Medlem	Kristin S. Mills	attval 2 år

Spelmannslaget

Medlem	Jon Hjellum Brodal	ny 1 år
Meldem	Eva Marie Toppe	ny 2 år
Medlem	Arve Berg	ny 1 år

Kor e Tonen

Leiar	Ragnhild Berg	attval 1 år
Medlem	Bjørn Feltens	ikkje på val, 1 år att
Medlem	Tone Iren Løland	ny 2 år
Vara	Ingar Viken	Opprykk 1 år
Vara	Teresa Svebak	ny 1 år

Gimlingane

Leiar	Gunn Wergeland	attval 1 år
Medlem	Laila Årdal	attval 2 år
Medlem	Jostein Velure	ikkje på val, 1 år att

Teater

Medlem	Ingvild Solberg	ikkje på val, 1 år att
Medlem	Sverre Espeland	attval 2 år
Medlem		ikkje på val, 1 år att

Kan supplera seg sjølv

Hytteneemnda

Leiar	Knut Malkenes	attval 1 år
Medlem	Hans Nyeggen	ny 2 år

Medlem	Martin Nessen	ikkje på val, 1 år att
--------	---------------	------------------------

Bygdelagsnemnda

Repr.	Eldbjørg Gunnarson	attval 1 år
Repr.	Endre Brunstad	attval 1 år
Vara	Oddrun Samdal	attval 1 år

Ettersyn

	Halvor Røyset	attval 1 år
	Kari Færeveag	attval 1 år
Vara	Oddlaug Oppedal	attval 1 år

Valnemnda

Medlem	Håvard Ims	ny 1 år
Medlem	Rigmor N. Vaular	ny 1 år
Medlem	Siv Hovland Erstad	attval 1 år
Medlem	Øyvind Vatshelle	ny 1 år
Medlem	Sverre M. Sundvor	attval 1 år

Framlegg til utsendingar til årsmøte i HU, HM, NM og NU.

Vedtak: Årsmøtet gjev styret fullmakt til å finn dette.

Framlegg frå valnemnda: Årsmøtet tek pause, og held fram mandag 16. mars 2009 kl. 20.00, der valnemnda legg fram forslag til: styret, barnelaget, blad og blestnemnds og fonds- og eignedomstyret.

Vedtak: Årsmøtet tek pause, og held fram mandag 16. mars 2009 kl. 20.00, der valnemnda legg fram forslag til: styret, barnelaget, blad og blestnemnds og fonds- og eignedomstyret.

Styret kom med innspel om at valnemnda for neste år finn ut av korleis det kan vere samsvar mellom den jobben som vert gjort i laget, og kva tillitsverv ein ber folk om å ta på seg. Ein ynskjer også eit eller fleire møte mellom styret og valnemnda tidleg på hausten, for å klargjera kva jobb som ligg til dei ulike tillitsverva.

Endre takka Frode for jobben han har gjort for lagsstyret i 2008. Endre takka Håvard for jobben i styret. Endre takka Borghild, som ikkje var tilstades, og ho fekk ein applaus av årsmøtet.

Møtet slutt kl. 20.45

Skrivarar:

Terje Furenes, Kristine Knutsen og Gro Vetås.

Framhald av årsmøte i Bergen ungdomslag Ervingen mandag 16. mars 2009, kl. 20.00

Det møtte 22 delegatar med røysterett og 2 utan røysterett.

Ordstyrarar: Siv H. Erstad og Ragnhild S. Berg

Skrivarar: Terje Furenes, Kristine Knutsen og Gro Vetås.

Vak 10 Val

Siv H. Erstad frå valnemnda la fram saka.

Vedtak:

Lagsstyret:

Leiar	Stig Vaular	Ny 1 år
Styremedlem	Endre Kleiveland	1 år att
Styremedlem	Ragnhild Berg	1 år att
Styremedlem	Inger Marie Godeseth	Ny 2 år
Styremedlem	Anbjørg Myhra Bergwitz	Ny 2 år
Varamedlem	Johanna Mjeldheim	Attval 1 år
Varamedlem	Marit F Henningsen	Ny 1 år
Varamedlem	Sverre M. Sundvor	Ny 1 år

Rådet:

Leiar	Frode Myhra	Attval 1 år
Medlem	Grete Oline Hole	1 år att
Medlem	Ole Ekornes	1 år att
Medlem	Ingunn Skjelvan	Ny 2 år
Medlem	Astrid Sirnes	Attval 2 år
Medlem	Stig Indrebø	Attval 2 år
Medlem	Eli Randmo	Supplering 1 år
Varamedlem	Kårmund Myklebost	Attval 1 år
Varamedlem	Endre Brunstad	Ny 1 år
Varamedlem	Hans Nyeggen	Attval 1 år

Barnelaget

Leiar	Randi May Oen	Ny 1 år
Medlem	Berit Røgelstad	Ny 2 år
Medlem	Charlotte R. Nordahl	Ny 1 år

Blad & Blest

Leiar	Hilde H Erstad	Ny 1 år
Medlem	Ingrid Hope	Ny 2 år
Medlem	Grete Oline Hole	1 år att
Medlem	Vegard Opheim	1 år att
Medlem	Nina Blågestad	Ny 2 år

Fond og Eigedom

Leiar	Petter Rysst	Attval 1 år
Medlem	Arne Rasmussen	Attval 2 år
Medlem	Oddrun Samdal	Ny 2 år
Medlem	Ragnar Nesdal	1 år att
Medlem	Torgrim Ljones	1 år att

Stig Vaular takka ordstyrarane og takka for tilliten. Då han reiste seg for å takka, sa han at han kjende seg som på bryllaupsdagen – med det hadde jo gått bra, så dette skulle nok gå bra det også!

Møtet slutt kl. 20.10

Arnvid Underli

Ingunn Røstbø